

Landbruksselskapets inspirasjonspris for 2023

Landbruksselskapets inspirasjonspris går i 2023 til Hegelin Waldal og Audun Skjervøy frå Valldal i Fjord kommune.

Kriteria som er vektlagt ved val av vinnar er:

- Kandidaten har profilert landbruket på ein god måte
- Har på ein positiv måte bidratt til vidareutvikling av bygdene i Møre og Romsdal
- Arbeider for å vidareutvikle kulturlandskapet
- Har profilert og gjennomført jordbruksdrifta med høg standard
- Har støtta ein kollega i ein vanskeleg periode
- Har utvikla nye produkt eller tenester som kan gjera landbruket meir robust.

Hegelin og Audun har med sitt engasjement vore til inspirasjon for andre. Begge engasjerer seg i utviklinga av lokalsamfunnet, og arbeider aktivt i landbruket sine organisasjonar.

Dei viser at ein kan kombinere arbeid på bygda med oppdrag for ein urban marknad – med godt utbygd breiband.

Dei gjer produkta sine tilgjengelege for lokalsamfunnet gjennom Reko-ringen og sal til lokale bedrifter. På den måten knyt dei band mellom lokal matproduksjon og lokalsamfunnet.

Hegelin og Audun er verdige vinnarar av landbruksselskapets inspirasjonspris.

Juryen har bestått av styret i landbruksselskapet, Frank Madsøy (styreleiar), Konrad Kongshaug, Stein Brubæk og Eivind Ryste.